



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Nordland

fmnpost@fylkesmannen.no

11. juni 2015

KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE LUTZGRAN OG SIBIRLERK - ALSTHAUG KOMMUNE

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Nordland 21.5.2015, sak 2015/1436. Vi ønsker med dette å klage på fylkesmannens vedtak, og ber om at søknad om utplanting av lutzgran og sibirlerk blir avslått.

Klagetema er i hovudsak manglande kunnskapsgrunnlag om spreiringsevna til dei aktuelle treslaga særleg sett i samanheng med ein viktig førekomst av narreglye i områda rundt utplantingsområdet.

Samstundes støtter vi fylkesmannens vurdering når det gjeld avslaget for den delen av søknaden som inneheldt sitkagran, då dette vil auke frøpresset i området og slik gje negative effektar på nærliggande naturtypar.

Narreglye

Narreglye (*Staurolemma omphalarioides*) er oppført som sterkt truga (EN) på raudlista frå 2010, og heile den nordeuropeiske delen av bestanden finst i Noreg. Arten er i hovudsak knytt til osp som substrat. Til den nye raudlista 2015 er osp foreslått oppført som nær truga (NT) som følge av betydeleg tilbakegang. Frå tidlegare er det kjent at narreglye også kan ha ask og alm som substrat, både artane er ført opp på raudlista som nær truga (NT) frå 2010. Generell tilbakegang for dei aktuelle treslaga som er substrat for narreglye, vil kunne vere ein negativ faktor når ein skal gjere vurderingar etter naturmangfaldlova § 10. Når det gjeld osp er beiting frå hjortedyr rekna for å vere ein betydeleg faktor som hindrar forynging. I tillegg vil hogst av ulike grunnar kunne ta for seg av allereie etablerte tre.

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

Attroing er også eit trugsmål når det gjeld narreglye. Oppslag av barte i leveområdet kan såleis truga arten¹. Bli skogen for tett rundt ospetrea med narreglye, blir det ikkje lys nok. Det tyder at det ikkje berre er nødvendig med osp i området, men at skogen blir stelt på høveleg måte. Dette kan krevje noko både av grunneigar og t.d. landbrukspolitikken for å få gjennomført.

Kunnskapsstatusen – naturtypelokalitetar og artar i og nær utplantingsområdet

Sidan 2009 har det vore sett i gang eit nasjonalt kartleggingsprosjekt knytt til førekomsten av narreglye, for å kunne vurdere om arten bør vere ein prioritert art. Vi viser mellom anna til rapporten frå Miljøfaglig Utredning² og faggrunlaget³ utarbeida ved Høgskulen i Nord-Trøndelag. Kartlegginga har gitt oss ny kunnskap om narreglye. Rapporten dokumenterer fleire nye naturtypelokalitetar i området som framleis ikkje er lagt inn i Naturbase. Det finst også funn av narreglyelokalitetar som framleis ikkje går fram av Artskart. Såleis finst det eit kunnskapsgrunnlag som ikkje kjem fram i dokumenta. Det er tale om ein rett kombinasjon av klima, naturtypar, brukshistorie og ymse påverknader for at arten skal bli verande.

Den nye kunnskapen om narreglye fører moglegvis til at arten vil bli nedgradert til (VU) sårbar i raudlista 2015, utan at det gjer tiltak mindre nødvendig med omsyn til å berge miljøa arten er avhengig av.



Frå Gislink. Markeringar med raudt og gult lagt inn av oss. Gul ring markerar utplantingsområdet. Narreglyelokalitetar med raudt, omtrentleg. Det er elles verna edellauvskog Skeilia NR øvst i utsnittet. Dei lyse bygningane er ein del av Alstahaug planteskule.

¹[Narreglye *Staulemma omphalarioides* - Faktaark fra Artsdatabanken](#)

²Flynn, K. M., Gaarder, G., Hanssen, U., Holien, H. & Holtan, D. 2011. Kartlegging av narreglye *Stuarolemma omphalarioides* i 2010 og 2011 - Sluttrapport. Miljøfaglig Utredning rapport 2011-64, 81 s. + vedlegg. ISBN 978-82-8138-541-2.

³[Faggrunlag for narreglye *Staurolemma omphalarioides*](#)

Påverknad av utanlandske treslag som alt finst i området

Rett aust for omsøkte område ligg Alstahaug planteskole. Det er ein betydeleg bruk av utanlandske treslag i området, og ei allereie pågåande spreining. Det går mellom anna fram av søknaden at søkjar driv skjøtsel i Skeilia naturreservat for å fjerne slike rømlingar. Så lenge ein ikkje veit noko anna, må ein difor legge til grunn at det alt er ei betydeleg frøspreining av ulike utanlandske treslag frå før, som vil krevje ein innsats om det ikkje skal gi grunnlag for sekundærspreining om nokre år. For narreglye har det lite å seie kva treslag som spreier seg, då summen av all påverknad er minst like vesentleg faktor.

Kart som følgjer søknaden viser fleire felt av sitkagran i området. Vidare er det opplyst om eit relativt nytt plantefelt med sitkagran. Dette saman med andre plantingar i området vil gi eit frøpress i dette området i nokre tiår framover. Viss ein greier å berge område med stadeigen skog gjennom denne perioden, er det sikkert ein fordel om dette frøpresset ikkje representerer eit varig nivå. Difor vil det vere rett å ikkje gi løyve til fleire utsett av utanlandske treslag i området.

Sitkagran/lutzgran

Bakgrunnen for løyvet til planting av lutzgran er at det frå før sto eit bestand av sitkagran som no er hogd. Sidan sitkagran står oppført med (SE) svært høg risiko på norsk svarteliste 2012, så er det avslått å plante sitkagran på nytt. I staden er det gitt løyve til planting av lutzgran med grunngjeving at denne står oppført med (LO) låg risiko.

Kunnskapen om risikoen for spreining av lutzgran er basert på gammal kunnskap. I Artskart er berre ei av oppføringane av arten frå før 2012, då den noverande utgåva av Svartelista kom. Dette har no endra seg, og per i dag er det 60 oppføringar av lutzgran i Artskart. Mellom anna er det fleire registreringar frå Nordland, der små frøplanter av lutzgran er påvist i både lauvskog og på open mark. I løpet av det siste året har ein nokre stader gjort registreringar knytt til det som er opplyst å vere sitkagranplantingar og finn der mellom anna konglar som ser ut som å vere frå lutzgran. Ved gjennomgang av andre karakterar, så ser det også ut til at det er eit betydeleg innslag av lutzgran i sitkagranplantingane. Når ein ser nærare på frøspredde tre, så er det såpass variasjon også mellom dei at ein vanskeleg kan oppfatte det på annan måte enn at lutzgran også spreier seg. Vi er kjent med at Miljødirektoratet har sett i gang undersøkingar kring dette, og at ein del resultat vil vere klare i løpet av eit års tid.

Vi ser det slik at utplanting av lutzgran er eit stort eksperiment med omsyn til framtidig frøspreining. Då ser det feil ut å drive med eksperimentet på omsøkte stad. I følgje søknaden er ein del av hensikta med plantinga å plante noko som gir le for garden på austsida. Er det ønskjeleg med leplanting, må ein også rekne med at ein har stor risiko for langdistansespreining, slik ein tydeleg ser for leplantingar av sitkagran, der ein kan finne sjølvspredde planter minst ein km unna feltet. Få hundre meter vidare austover finn ein hovudtyngda av førekomstane av narreglye i Alstahaug.

Sidan ein kan vente ny informasjon om spreiningsevna til lutzgran, meiner vi at ein bør vente på dette før ein gir nye løyve til bruk av treslaget.

Sibirlerk

Sibirlerk er vurdert med risiko (LO) låg risiko. Som med dei to andre mindre brukte artane av lerk finst det smått med undersøkingar av om treslaget spreier seg. Dette er lagt til grunn for risikovurderinga. Etter kvart som det blir undersøkt litt rundt plantingar som er gamle nok til å setje frø, viser det seg at frøspreiing førekjem. Det finst inga systematiske undersøkingar, men for sibirlerk finst i alle fall spreiiing påvist ved Helin i Vang, Engerdal og i Hadsel. På Island reknast sibirlerk som naturalisert, og spreiiing er dokumentert fleire plassar⁴. Tilsvarande dokumentasjon finn ein frå Alaska, der sibirlerk er dokumentert frøspreidd utanfor tilplantingar av arten⁵. Arten viser difor stort potensiale frå spreiiing der den blir planta inn.

Det er ingenting ved sibirlerk som tilseier eit anna spreiiingsmønster enn for europalerk viss det først er tale om spreiiing. Er det nok lys til narreglye, er det også nok lys til sibirlerk. Avstanden er heller ikkje hindring.

Kor mykje spreiiing ein får frå sibirlerkfelt bør ein ikkje finne ut i narreglyelokalitetane ved Alstahaug.

Andre spørsmål

Vi har forståing for at det er ønskje om å plante noko med leverknad i omsøkte område. Behov for leverknad er det mange stadar, og vi håper at Fylkesmannen kan hjelpe til med å finne fram til aktuelle treslag som er stadeigne i området som kan nyttast til dette, slik at ein generelt kan få ei betre tilnærming kring leplantinga. Det gjeld også den delen av området der søkjar seier han vil plante gran. Ein bør ikkje løyse eit problem ved å skape eit nytt eit.

Elles merker vi oss at søkjar har erfaring med ettersøk av rømlingar frå før, i form av slikt arbeid knytt til naturreservatet nær ved. Dessutan er det opplyst i søknaden at sitkagranrømlingar blir brukt til gjerdepålar. Det peiker i alle fall i retning av at søkjar har eit realistisk syn på kva arbeid dette er tale om. Fylkesmannen kan med fordel bruke slik kompetanse til nettopp å fjerne rømlingar som alt finst rundt om. Det ville vere bra om søkjar kan ha i utsikt å skaffe seg meir årviss inntekt på slik rømlingkontroll, framfor at det blir planta meir. Landbruksformer som kan halde beiteskogen i området så nokolunde ope kan gjerne sjåast i samanheng med dette også. Når standard norsk landbrukspolitikkk ikkje stimulerer til dette, så bør Fylkesmannen kunne sjå på desse spørsmåla ut frå behov om skjøtsel både for narreglye og naturreservatet m.v.

Konklusjon

Førekomstane av narreglye vil vere utsett viss det blir meir frøspreiiing frå framande treslag og risikoen aukar dessutan med kor langvarig frøpresset er. Eksperiment med artar som ein har manglande kunnskapsgrunnlag om spreiiinga til bør slett ikkje gjerast her. Vedtaket må omgjerast slik at søknaden blir avslått.

⁴[Kristinsson H \(2008\) Islenskt Plöntutal - Blómplöntur og byrkinga.](#)

⁵[Alden J \(2006\) Field survey of growth and colonization of nonnative trees on mainland Alaska. Rapport, United States Department of Agriculture](#)

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge